

	Dokument TYPE		
	Instruks		
Tittel dokument:  <b>ETISKE RETNINGSLINER</b>	Dokument nr:	<b>2</b>	
	Dok. Utgave:	<b>B</b>	
	Revisjonsdato:	<b>09.01.2018</b>	
	Godkjent:	<b>Ledergruppa</b>	

### 1. Føremål og omfang.

Føremålet med dei etiske retningslinene er å skape ei ramme for dei etiske krav Kvito AS stiller til sine ordinært tilsette. Retningslinene gjeld og for personar som er tilknytt verksemda på annan måte enn gjennom fast tilsetjing, t.d.vikarar, personar i hospitering eller andre knytt til verksemda, heretter omtala som tilsette. For vta-tilsette og tiltaksdeltakarar er plikter og rettar nedfelt i rettighetsdokument og eigne arbeidsavtaler.

### 2. Generelt

Kvito AS har etikk og omdøme som ein grunnføresetnad for verksemda. Ein høg etisk standard er føresetnaden for verksemda sine overordna verdiar: Likeverd, respekt, tillit og engasjement. Handlingar og avgjerder i verksemda skal vera styrt av normer, verdiar og etiske reglar som er i tråd med ålmenn rettsoppfatning. Tilsette pliktar lojalt å fylgje lover, forskrifter og retningslinjer som gjeld for verksemda.

### 3. Respekt, omtale og involvering

På Kvito AS er det eit felles ansvar å byggje opp eit godt arbeidsmiljø. Kvar og ein av dei tilsette skal opptre med respekt, omtanke og vanleg høflegheit både i høve kollegaene/medarbeidarane og alle verksemdas interessepartar. Verksemda ynskjer engasjement og inkludering som kan involvere alle i det trygge fellesskapet.

### 4. Interessekonflikt

Tilsette i verksemda må ikkje la seg påverke til å ta avgjerder eller utføre handlingar gjennom press eller tilbod om personleg økonomisk vinning frå nokon av selskapets interessepartar eller frå anna hald. Dersom det oppstår slike situasjonar, skal dette rapporterast til næraste overordna. Tilsette må heller ikkje la andre personlege omsyn gå på kostnad av verksemda sine interesser dersom der oppstår interessemotsetnad mellom desse.

### 5. Habilitet

Tilsette i verksemda må ikkje delta eller påverke avgjerder dersom det ligg føre tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til vedkomande. Ein skal ikkje involvere seg i ei sak der ein sjølv eller nærstående har økonomiske eller andre interesser. Den einskilde skal melde til overordna dersom habilitetsvanskar kan oppstå.

### 6. Gåver og frynsegoder

Ein tilsett skal ikkje motta gåver eller goder i tilknytning til arbeid. Blomar eller konfekt kan ein ta imot, men ein skal melde frå til overordna om ein har fått slik gåve.

## **7. Utstyr og eigedom**

Kvito sine lokale, maskiner og utstyr skal ikkje nyttast til andre føremål enn tiltenkt bruksområde. Tilsette skal som hovudregel berre nytte verksemdas utstyr og eigedom til arbeidsrelatert formål. Privat bruk må skje etter avtale med næraste overordna og ikkje vera til hinder i arbeidet for verksemda.

## **8. Økonomi**

Tilsette i verksemda skal fylgje dei retningsliner og rutinar som gjeld for styring og forvaltning av selskapets økonomi. Personleg økonomisk interesse hjå den tilsette må ikkje få innverknad på arbeidet i selskapet eller påverke avgjerder den tilsette tek på vegne av selskapet.

## **9. Informasjon**

Kvito AS skal ha ei open haldning, og vise god informasjonsflyt til selskapets interessepartar. Informasjon retta ut av verksemda vert utført av dagleg leiar/styreleiar.

## **10. Teieplikt**

Tilsette ved Kvito AS er bundne av teieplikt pålagt ved tilsetjing. Arbeidsleiarane har høve til å gje ut faktaopplysingar om eige arbeidsfelt som ikkje er omfatta av teieplikta.

## **11. Varsling**

Ein tilsett som opplever tilhøve han oppfattar som brot på gjeldande lov og forskrifter eller interne reglar og retningsliner, eller andre kritikkverdige forhold i verksemda, skal ta opp dette med hovudverneombod. Siktemålet bør vera at det kritikkverdige tilhøvet vert retta på. Den som varslar skal ikkje bli utsett for represalier eller liknande.

## **12. Samfunnsengasjement.**

Kvito AS utfører eit stort samfunnsengasjement gjennom den attføring som vert driven i verksemda sin regi. Verksemda ynskjer å utøve samfunnsengasjement også utover eige fagområde.

## **13. Arbeidsmiljø.**

Kvito AS vil arbeide for eit ope og akseptierende arbeidsmiljø, der positive haldningar til eigen arbeidsplass, felles verdiar, lojalitet og god arbeidsmoral er gjennomgåande. Arbeidsmiljøet er avgjerande for trivsel, stabilitet og produktivitet.

## **14. Bruk av elektroniske media.**

Alle tilsette må vurdere nøye om ein som privatperson skal ha kontakt med deltakarar / pårørande m.m. i sosiale media. Tilsette har yringsfridom, men teieplikta gjeld også i dei sosiale media.

Tilsette skal vera varsame ved bruk av etermedia som Facebook, Messenger ol. Bilete eller informasjon om brukarar av våre tenester skal ikkje delast eller leggst ut på nettet. Dersom tilsette vert invitert inn som venn av deltakarar, er det opp til kvar og ein om ein ynskjer det. Tilsette kan ikkje invitere deltakarar inn som venn.